

Prospektkort-utstilling neste år?

26.08.2009



Myklebust - med falskt flagg. (Foto: Norrønafly).

Den tradisjonelle museumsdagen på Rød vart avvikla sundag, med ei svært vellukka utstilling av rundt rekna 50 flyfoto fra Uskedalen. Men allereie onsdag kveld, under den lokalhistoriske samlinga i samband med tilbakelevering av biletia, tenkte eldsjelen Kristian Bringedal eitt år framover. Han var inne på at utstillingstema i august 2010 kan vera prospektkort frå Uskedalen, som det også er svært mange av.

- Denne utstillinga har vore ei takknemleg oppgave, konkluderte Bringedal og sikta til at det heng flyfoto så å sei overalt i bygda. Men det har ikkje vore så vanleg med slike foto i nyare hus i nyare tid. Det hendte også at bestilte bilete ikkje kom på veggjen, men berre vart liggjande i rullen. Bringedal synte fram døme på det.

Kommunen sit no inne med ei unik samling som vart kjøpt av Fjellanger-Widerøe og som er under digitalisering. Den vil bli lagt ut for sal via internett. Dei siste dagane har Hans Ordin Østebø gjennomfotografert utstillingsbileta og skal laga ein CD av dei.

Under samlinga på Rød utløyste biletia både interessante og muntre kommentarar.

Fleire mintes at fotograferinga også gjekk føre seg på sundagar og det hendte at folk tok på seg sin finaste stas og gjekk ut. Det gjorde til dømes Johan Myklebust.

Og apropos Myklebust: Tormod Myklebust presenterte eit tunbilete med flagg på full stang. Men flagget er falskt - det var vanleg at det vart ført på under fargeleggjinga.

På same måten var det vanleg å farga løa raud sjølv om ho slett ikkje var det!

Jens Ljosnes innrømte for sin del at fruktbløminga på garden hans hadde vorte noko for strålande.

Av Ola Matti Mathisen



Kristian Bringedal: - Truleg prospektkort-utstilling neste år. (Foto: Ola Matti Mathisen)